

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Vår ref:
25/05301-2

Deres ref:

Dato:
05.06.2025

Svar på høring - Forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse viser til høringsbrev frå Kunnskapsdepartementet av 18. mars 2025 om forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning. Direktoratet støttar fleire av forslaga som departementet har lagt fram. Direktoratet vil samstundes peike på nokre utfordringar i forslaga som vi meiner utfordrar føremålet med gjennomgangen. Våre innspel følgjer i hovudsak strukturen i høringsutkastet.

Generelt

Forholdet til Lisboakonvensjonen og Globalkonvensjonen

Lisboakonvensjonen og Globalkonvensjonen gjeld for opptak til høgare utdanning. Direktoratet kan ikkje sjå at konvensjonane er omtalt i høringsnotatet, og ynskjer å påpeike at opptaksforskrifta må vere i tråd med forpliktingane i desse konvensjonane.

Definisjonar

Direktoratet har identifisert fire definisjonar som er regulert i ulike føresegner, av desse generell studiekompetanse, grunnutdanning, kvote og realkompetanse. Vidare ser direktoratet at andre sentrale omgrep, som dispensasjon, opptak på vilkår og skapande og utøvande kunst kan definerast. Direktoratet meiner desse omgrepa bør framgå av ei eiga føresegn om definisjonar.

Sakshandsamingsreglar – særleg om dokumentasjonskrav

Departementet har uttalt at dokumentasjonskrav bør regulerast i forskrift fordi dei er bestemmande for privatpersonars rettar eller plikter, jf. forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a. Ved søknad om opptak til grunnutdanning for personar med norsk utdanningsbakgrunn er kravet til generell studiekompetanse i departementet sitt forslag skildra som bestått studieførebuande norsk vidaregåande opplæring eller bestått fag- og yrkesopplæring med påbygging til generell studiekompetanse, eller bestått fellesfag for søkjarar med generell studiekompetanse på grunnlag av 23/6 regelen. Direktoratet noterer seg at ordlyden i § 2-2 er endra frå dagens forskrift om at søkjarar må dokumentere bestått opplæring, til at søkjarar må bestå opplæring.

Norskprøver

Direktoratet viser til dialog med departementet om norskprøver. Direktoratet har sendt departementet eit brev om denne problemstillinga i separat brev.

Innspel til høyringa

Verkeområdet til opptaksforskrifta – kapittel 4

4.2.1 Kva forskrifta gjeld

Departementet foreslår at verkeområdet for reglane om opptak blir ført vidare.

Direktoratet støttar departementet sitt forslag til avgrensing av verkeområde i ny § 1-1 første ledd. Vidare støttar vi departementet sitt forslag om å ikkje føre vidare § 1-1 tredje, femte og sjette ledd, ettersom dette vert varetatt elles i forskrifta.

I høyringsnotatet skriv departementet at opptaksforskrifta også skal gjelde for opptak til emne (som ikkje byggjer på anna høgare utdanning) med mindre omfang enn 60 studiepoeng. Direktoratet støttar dette, men oppmodar departementet til å leggje dette inn i som ei presisering, dersom det er vurdert å utarbeide rundskriv/merknader til den nye opptaksforskrifta.

4.2.2 Avgrensing av verkeområdet og forskriftsheimel for institusjonane

Departementet ynskjer tilbakemelding om gjeldande § 1-1 fjerde ledd, som seier at forskrifta ikkje gjeld ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar, bør vidareførast. Direktoratet meiner at gjeldande § 1-1 fjerde ledd ikkje bør vidareførast. Direktoratet vil påpeike at innpassing av norsk utdanning i annan norsk utdanning er regulert i universitets- og høyskoleloven kapittel 9, og direktoratet ser ikkje behovet for at det må vere ei særskild føresegn som regulerer innpassing i opptaksforskrifta.

Kvalifisering for opptak til høgare utdanning - kapittel 5

5.1.2.1 Opptak på grunnlag av norsk vidaregåande

Departementet foreslår å føre vidare krav til generell studiekompetanse basert på fullført og bestått vidaregåande opplæring med spesifiserte krav til bestemte fag og omfanget av desse, men departementet meiner det er unødvendig å føre vidare at timetalet til dei seks fellesfaga frå vidaregåande går fram av opptaksforskrifta.

Direktoratet støttar forenklingane og dei språklege endringane departementet har foreslått i ny § 2-2 om opptak på grunnlag av norsk vidaregåande opplæring, mellom anna at det ikkje lenger er naudsynt å oppgi timetal i dei seks fellesfaga i opptaksforskrifta. Direktoratet er samde i at det held at timetala i fellesfaga går fram av regelverket om vidaregåande opplæring. Vi støttar også at regelen om overgangsreglar for tidlegare reformar i vidaregåande opplæring flyttast til kapittelet om overgangsreglar.

5.1.2.2. Opptak på grunnlag av 23/5-regelen

Departementet foreslår å føre vidare 23/5-regelen med enkelte endringar.

Departementet foreslår å føre vidare krav om at søkjar må ha bestått dei seks fellesfaga, men foreslår å ikkje føre vidare kravet om fem års praksis. Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane på om aldersgrensa for opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga skal hevast til 25 år eller vere på 23 år slik som i dag.

Direktoratet støttar forslaget om å føre vidare krav om at søkjar må ha bestått dei seks fellesfaga. Linje for studiespesialisering i norsk vidaregåande opplæring er ei breiddeutdanning med mellom anna desse fellesfaga, og denne samla opplæringa ligg til grunn for det vi kallar generell studiekompetanse. Generell studiekompetanse gir i Noreg tilgang til dei aller fleste studium, nettopp fordi søkjarane har med seg kompetanse frå mange felt, og dermed har dei faglege føresetnadane for å kunne starte på ulike typar utdanningar ved norske lærestadar. Direktoratet meiner det er fornuftig at dei seks fellesfaga i studiespesialiserande linjer også finst i framtidas 23/5-regel. Dei seks fellesfaga fungerer som eit minstekrav til fagleg kunnskap for å kvalifisere for opptak til høgare utdanning. Det er ikkje ønskjeleg å minske dette faglege minstekravet.

Direktoratet støttar forslaget om at fem års praksis opptak blir oppheva. Vi er samde med departementet i skildringa av at praksiskravet i dag berre er eit dokumentasjonskrav, og ikkje eit reelt kompetansekrav. 23/5-regelen har endra seg mykje frå då han vart innført, frå eit faktisk krav om at søkjar skulle ha vore i arbeid i 5 år, til eit krav om at søkjar skal dokumentere kva dei har gjort i 5 år. Sakshandsamar må kontrollere dokumentasjonen til desse søkjarane manuelt, og det krev mykje ressursar. Det er samstundes ikkje mogleg å kontrollere om kravet fører til at søkjarane faktisk er betre kvalifiserte til utdanningane. Fjerning av praksiskravet vil

også gjera det enklare å leggje til rette for automatisk handsaming av søknadar med dette grunnlaget i framtida.

Direktoratet meiner at opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga kan hevast til 24 år, eller 25 år slik departementet foreslår. Utdanningsprogramma som gir generell studiekompetanse er sett saman med føremål å studieførebu elevar, og vi er samde om at generell studiekompetanse frå vidaregåande opplæring skal vere hovudvegen til høgare utdanning. Samstundes meiner direktoratet det er viktig å ikkje skape unødvendige hinder for at vaksne skal kunne studere. Tidlegare hadde elevar ein avgrensa periode til å fullføre vidaregåande opplæring, men med fullføringsreforma er det no mogleg for vaksne å kvalifisere seg til høgare utdanning på grunnlag av vidaregåande opplæring. Elevar i vidaregåande har også fått lengre tid til å oppnå eit førstegongsvitnemål, og ein bør sjå ei eventuell ny aldersgrense i 23/5-regelen i samanheng med forslaget om å heve aldersgrensa til 23 år for å kunne konkurrere i førstegongsvitnemålskvoten. Eit argument for å heve aldersgrensa er å unngå overlapp i alder i to kvalifiseringsgrunnlag som naturleg følgjer kvarandre.

5.1.2.3 Utdanning eller kunnskapar som kan godkjennast som likeverdig

Departementet ynskjer tilbakemelding på om det framleis er behov for regelen i dagens § 2-1 tredje ledd om at opptaksorganet skal vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig.

Direktoratet meiner dagens regel ikkje bør vidareførast. Direktoratet er samde i at det kan vere uheldig å skape urealistiske forventningar hos søkjarar, og at det er viktig at eventuelle unntak blir tydeleg innramma. Føreseigna har samstundes hatt ein funksjon i vurderinga av søkjarar med utdanning frå utlandet. Ho har truleg lagt til rette for at GSU-lista kan fungere som eit standardisert minstekrav, og ikkje som ei uttømande opplisting av kvalifikasjonar som automatisk gir opptak til høgare utdanning i Noreg. I skrivande stund inneheld ikkje GSU-lista samtlege kvalifikasjonar frå alle reformar i alle verdas land. Direktoratet treng fleksibilitet i regelverket til å kunne gi opptak på grunnlag av kvalifikasjonar som fell utanfor standarddrammene i GSU-lista, men som likevel inneber at søkjaren har dei faglege føresetnadene for å kunne gjennomføre høgare utdanning i Noreg. Direktoratet ber derfor om at ein enten legg til rette for slike vurderingar i ny § 2-3, eller med ei presisering i GSU-lista i vedlegg 1.

5.1.2.4 Opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring

Departementet foreslår at § 2-2 andre ledd, som gjeld utanlandsk vidaregåande opplæring utanfor Norden, blir flytta til GSU-lista i vedlegg I. Departementet foreslår vidare at § 2-2 sjette ledd, som gir universitetet eller høgskulen høve til å godta annan dokumentasjon av norskkunnskapar, ikkje førast vidare.

Direktoratet tykkjer det er ein god ide å flytte føresegna om unntak frå norskkravet ut av kapittel 2 (GSK) til kapittel 3 (unntak frå GSK). Vidare støttar vi departementet sine forslag om å vidareføre regelen om at det som gir generell studiekompetanse i dei andre nordiske landa også skal gi det i Noreg. I høyringsnotatet blir det også foreslått at den detaljerte informasjonen om dei ulike måtane å dekkje språkkrava på blir flytta ned saman med GSU-lista i vedlegg I. Direktoratet tykkjer det er ryddig å samle den meir detaljerte informasjonen i vedlegget. Direktoratet ønskjer å peike på at det berre er Trinn 3 tatt ved norske universitet og høgskular som dekkjer språkkravet i norsk, og vi ønskjer at dette blir presisert i vedlegg I. Direktoratet støttar også forslaget om å fjerne dagens § 2-2 sjette ledd om å godta «annan dokumentasjon av norskkunnskapar». Denne regelen blir sjeldan eller aldri brukt av direktoratet.

Direktoratet har eit innspel som gjeld forslaget til ny § 2-3 tredje ledd som gjeld søkjarar som har utanlandsk vidaregåande opplæring frå land utanfor Norden, og som ikkje oppfyller krava i andre ledd. Denne føresegna gjeld søkjarar som har gått vidaregåande skule i utlandet, men som ikkje dekkjer kravet til generell studiekompetanse ifølgje GSU-lista i vedlegg 1. Denne løysinga for å oppnå generell studiekompetanse på grunnlag av både utanlandsk og norsk vidaregåande opplæring har vore praktisert i mange år. Direktoratet har vurdert om enkelte av fellesfaga i dagens § 2-1 allereie er dekte i den utanlandske vidaregåande opplæringa, slik at søkjaren slepp å ta tilsvarende fag opp att. Det er direktoratet si vurdering at det er føremålstenleg at søkjarane som fell inn under denne regelen også i framtida skal sleppe å ta opp att fag dei truleg allereie har dekt med den utanlandske skulegangen sin. Frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv er det lite tenleg å be søkjarar dekke dei same fagkrava fleire gongar, eller be dei om å kontakte vidaregåande skule eller fylkeskommunen for å få fag frå utlandet godkjent og ført på norske kompetansebevis. Direktoratet forstår forslaget til den nye føresegna § 2-3 tredje ledd som at direktoratet framleis kan vurdere om enkelte av dei seks fellesfaga kan vere dekte med utanlandsk vidaregåande opplæring for opptak til høgare utdanning.

I tillegg til kompetansekravet om dei seks fellesfaga, inneber dagens praktisering av regelen eit omfangskrav. Søkjarar som dekkjer enkelte av fellesfaga frå den utanlandske skulegangen sin, må ta andre fag for å kome opp i eit samla omfang av fag på 840 timar frå norsk vidaregåande opplæring. Hensikta med omfangskravet er å sikre at ordninga ikkje fungerer som ein snarveg til generell studiekompetanse, samanlikna med kravet i GSU-lista som er bestått vidaregåande opplæring samt eit fullt år med høgare utdanning. Ettersom det ikkje er foreslått ei opning for vurdering av om fellesfaga er dekt frå utlandet i forslaget til ny § 2-3, er omfangskravet heller ikkje nemnt i føresegna.

Direktoratet vil gjere merksam på at omfangskravet fører med seg fleire

utfordringar. Det er krevjande å informere om omfangskravet, og om kva fag det er mogleg å ta som erstatning for fag ein allereie dekkjer. Direktoratet opplever mange misforståingar, både hos rådgjevarar og søkjarar når det gjeld kva fag ein enkeltsøkjar skal ta, og hos lærestadane når dei skal sakshandsame slike søknader. Ikkje sjeldan ser vi at misforståingane fører til at søkjarar ikkje blir kvalifiserte. Vi ser også ein klar tendens til at søkjarar vel å ta eksamenar i morsmålet sitt for å dekke kravet til 840 timar, sidan dette er fag der dei har høve til å oppnå høg karakter. Direktoratet meiner ikkje nødvendigvis at ein søkjar blir meir kvalifisert av å ta ein eksamen i morsmålet. Spørsmålet her blir då kva som eigentleg gjer ein søkjar kvalifisert til å studere ved ein norsk lærestad, og om omfangskravet tener eit føremål i seg sjølv, eller om kompetansekravet skal vege tyngst. Her vil direktoratet også peike på at det er dei seks studiekompetansefaga som blir rekna for å vere eit minstekrav til forkunnskap for opptak til høgare utdanning.

Direktoratet ser klare fordelar ved å gå vekk frå omfangskravet i praktisering av denne regelen. Det vil vere ei forenkling som er lettare å forstå, både for søkjarar og andre som skal nytte regelverket. Det vil dessutan vere meir digitaliseringsvennleg å ikkje ha eit slikt krav i nytt system. Viss det likevel er ønskt at omfangskravet skal vidareførast slik det er i dag, ber vi om at dette presiserast i forskrift eller rundskriv.

5.1.2.5 Opptak på grunnlag av utdanning frå International Baccalaureate

Departementet foreslår å føre vidare føresegna om opptak på grunnlag av utdanning frå International Baccalaureate (IB). Direktoratet støttar forslaget om å vidareføre føresegna om kva som gir generell studiekompetanse for søkjarar som har gått International Baccalaureate (IB), og å flytte reglane for dei som har gått IB etter gamal ordning (IB før 2021) til kapittel 8 om overgangsordningar.

5.1.2.6 Opptak på grunnlag av høgare yrkesfagleg utdanning

Departementet foreslår i hovudsak å føre vidare reglane om opptak på grunnlag av høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning, men i éi føresegn. Direktoratet viser til at det er vist til feil paragraf i høyringsnotatet (§ 2-4). Direktoratet legg likevel til grunn at det er § 2-5 departementet viser til.

Direktoratet støttar innhaldet i ny paragraf § 2-5. Direktoratet ber departementet sjå på bruk av omtalen av høgare yrkesfagleg utdanning og vurdere å endre der det er føremålstenleg til fagskule for institusjon og høgare yrkesfagleg utdanning i omtalen av utdanninga, slik at det følgjer same struktur som for høgare utdanning (høgare utdanning og eit universitet eller høgskule).

Direktoratet støttar departementets forslag om at berre søkjarar som ikkje har ei

vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, kan få generell studiekompetanse på grunnlag av bestått toårig høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er i tråd med at vidaregåande opplæring skal vere hovudvegen inn i høgare utdanning. I § 2-5 første ledd foreslår vi å stryke avgrensinga om at regelen berre skal gjelde søkjarar som ikkje har bestått norsk vidaregåande skule. På denne måten oppnår vi større grad av likehandsaming, ettersom regelen vil gjelde for alle som ikkje har fått generell studiekompetanse frå vidaregåande, uavhengig av kva land utdanninga er tatt i, men som har bestått ei toårig høgare yrkesfagleg grad på 120 fagskule- eller studiepoeng.

5.1.2.6 Opptak på grunnlag av høgare utdanning

I høyringsnotatet skriv departementet at ein ønskjer å vidareføre reglane for opptak på grunnlag av høgare utdanning, men vi ser at gjeldande rett er noko upresist presentert. Gjeldande rett er at dei som får GSK på grunnlag av høgare utdanning først må ha fått opptak på eit unntaksgrunnlag etter kapittel 3 i dagens forskrift, for så ha fullført heile programmet dei vart tatt opp til. Dette rammar ulikt, all den tid nokon får opptak til årsstudium, medan andre får opptak til 6-årige profesjonsstudium (til dømes teologi). Direktoratet støttar forslaget om å forenkle regelen, slik at søkjarar som har bestått 60 studiepoeng av ei høgare utdanning dei er teken opp til, oppnår generell studiekompetanse.

Direktoratet støttar samstundes ikkje forslaget til ny § 2-5 i si heilheit, fordi dette utvidar regelen for opptak på grunnlag av høgare utdanning på ein måte som vi meiner er uheldig. Slik den foreslåtte ordlyden ser ut no, kan ein få generell studiekompetanse så lenge ein kan dokumentere 60 studiepoeng. Dette kan gi enkelte insentiv til å unndra vitnemålet sitt frå vidaregåande skule der det er mogleg, ved at dei til dømes ikkje har elektronisk vitnemål, eller at dei har utdanningsbakgrunn frå utlandet. Sidan det er vitnemål frå vidaregåande som først og fremst skal gi generell studiekompetanse, og som søkjar skal konkurrere med i opptaket, er det viktig for likebehandlingsprinsippet at alle som har eit vitnemål frå vidaregåande blir behandla på same grunnlag. Direktoratet meiner det er uheldig at søkjarar kan velje eit anna opptaksgrunnlag berre ved å halde tilbake dokumentasjon.

Det er heller ikkje føremålstenleg å opne for rangering på grunnlag av høgare utdanning for fleire søkjarar enn naudsynt, ettersom dette er ei individuell vurdering som i dei fleste tilfelle er meir tidkrevjande enn vurderinga av dokumentasjon frå vidaregåande opplæring. Viss utdanninga er avlagt ved ein lærestad i utlandet, blir handsaminga endå meir ressurskrevjande, særleg i tilfelle der karakterskala og føring av omfang skil seg vesentleg frå systemet lærestadar i Noreg følgjer. Samordna opptak i direktoratet har i dag ikkje etablert ein metodikk for å rangere utanlandsk høgare utdanning på same måte som for

utanlandsk vidaregåande opplæring.

Direktoratet meiner utfordringane kan løysast ved å presisere at det berre er 60 studiepoeng tatt ved ein høgare utdanningsinstitusjon i Noreg som kan gi generell studiekompetanse. Dette er ikkje ei reell endring frå dagens regelverk, då det i praksis ikkje vil vere mogleg for søkjarar å få opptak til høgare utdanning i andre land etter reglane i den norske opptaksforskrifta. Vidare foreslår vi å stryke avgrensinga om at regelen berre skal gjelde søkjarar som ikkje har bestått norsk vidaregåande skule. På den måten oppnår vi større grad av likebehandling, då den vil gjelde for alle, uavhengig av land, som ikkje har fått generell studiekompetanse frå vidaregåande, men som har komne seg inn ved ein norsk lærestad og avlagt minst 60 studiepoeng.

Direktoratet foreslår følgjande ny ordlyd i foreslått § 2-5 andre ledd:

“Søkarar som ikkje har bestått norsk vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, kan få generell studiekompetanse på grunnlag av bestått eitt år høgare utdanning (60 studiepoeng) ved universitet eller høgskule i Noreg.”

Direktoratet meiner vidare at det bør lagast retningslinjer på rangering for dei som får generell studiekompetanse på 60 studiepoeng, slik at sakshandsaminga blir forenkla og digitaliseringsvennleg, og at det er føreseieleg for søkjar korleis rangeringa går føre seg. Ei løysing kan til dømes vere at det er dei første 60 beståtte studiepoenga slike søkjarar blir rangert på grunnlag av. Viss utdanninga må vere tatt ved ein norsk lærestad, vil det og bli mogleg å utarbeide standardiserte omrekningsmetodar som er digitaliseringsvenlege.

5.2.2.1 Vurdering av behovet for ei søknadsbasert ordning for unntak

Departementet foreslår å føre vidare at universitet og høgskular som ynskjer unntak frå kravet om generell studiekompetanse ut over det som følgjer av kapittel 3 i forskrifta, framleis må søkje departementet om det.

Direktoratet støttar departementet sitt forslag om vidareføring av ei søknadsbasert ordning for unntak. Direktoratet ynskjer ikkje ei ordning som i større grad opnar for ulike krav til same type utdanning. Dette kan føre til eit uoversiktleg og komplisert regelverk. Samstundes ynskjer vi oss ein betre definisjon av «skapande og utøvande kunst», slik at det blir mogleg å i større grad forenkle regelverket rundt desse ordningane. Vi vil tilrå at departementet rådfører seg med relevante organisasjonar, kring kva som skal inngå og ikkje inngå i «utdanningar innan utøvande og skapande kunst».

5.2.2.3 Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Departementet foreslår å føre vidare dagens § 3-1 om at søkjarar som er 25 år eller eldre i opptaksåret, og som ikkje har generell studiekompetanse, har rett til å få vurdert om dei er kvalifiserte for eit bestemt studium på grunnlag av realkompetanse.

Direktoratet støttar ei styrking og tydeleggjering av realkompetansevurdering i ny forskrift. Presiseringa av at ein har rett til vurdering, kan vonleg bidra til auka bruk av ordninga i høgare utdanning, der det i dag både er få søkjarar som kryssar av for realkompetanse som opptaksgrunnlag, og få som får opptak på dette grunnlaget. Samstundes er det viktig at ordlyden i forskrifta gjer det klart at realkompetansevurdering skal gjennomførast opp mot eit konkret studium, og ikkje som grunnlag for generelt opptak. Direktoratet stiller seg positive til den oppdaterte definisjonen av realkompetansevurdering, som i større grad samsvarer med etablert omgrepsbruk nasjonalt og internasjonalt.

Forskrifta sitt verkeområde er foreslått å gjelde utdanningar under 60 studiepoeng. Vi kjenner til at fleire UH-institusjonar gjennom arbeid med lokale retningslinjer og forskrifter legg inn føringar som resulterer i same krav til kva som blir godkjent som tilstrekkeleg realkompetansevurdering for små emne som for heile utdanningsløp. Dette fører til ulik tolking og praksis. Direktoratet tilrår at det gjennom rundskriv eller merknader til ny forskrift, blir synleggjort at det er handlingsrom for fleksibilitet i opptak på bakgrunn av realkompetanse til små emne. Dette er særleg relevant for små EVU-emne retta mot arbeidslivet, til dømes tilbod utvikla gjennom treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling. Direktoratet nyttar òg høvet til å peike på at den nemnde problemstillinga òg er løfta fram i NOU 2025:1 *Felles ansvar, felles gevinst*, som no er ute på høyring med frist 1. juli.

Direktoratet støttar vidareføring av opptak på grunnlag av realkompetanse. Det bør finnast ein veg inn til høgare utdanning for vaksne som ikkje har generell studiekompetanse, men som har tilstrekkeleg relevant kompetanse, utan at dei må gå vegen om vidaregåande opplæring. Direktoratet støttar også forslaget om å stryke presiseringa om at institusjonane må finne fram til eigna og tenlege framgangsmåtar til realkompetansevurderingar. At sakshandsamarane må utføre oppgåvene sine på ein føremålstenleg måte er allereie regulert i forvaltingslova.

5.2.2.4 Opptak på grunnlag av dispensasjonsvurdering

Departementet foreslår å føre vidare regelen om dispensasjonsvurdering for søkjarar som på grunn av funksjonsnedsetting ikkje har hatt moglegheit til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse.

Direktoratet støttar forslaget om å gjere det tydeleg i forskrift at søkjarar med funksjonsnedsetting har rett til å søkje dispensasjon frå kravet om generell

studiekompetanse, dersom dei ikkje har kunne fullføre vidaregåande opplæring. Institusjonane skal ikkje kunne nekte å gjennomføre ei slik vurdering. Å forskriftsfeste denne retten styrkjer rettstryggleiken og sikrar likebehandling. Det hindrar forskjellar mellom institusjonar og sikrar at vurderingar ikkje blir utelatne på grunn av manglande vilje eller kunnskap. Direktoratet er kjend med at enkelte søkjarar ikkje har fått vurdert søknad om dispensasjon, og ser at det er føremålstenleg å få inn ei slik presisering i regelverket. Direktoratet støttar også forslaget om å bruke «funksjonsnedsetjing» som eit meir klarspråkleg og presist omgrep enn dagens «varig sjukdom, funksjonshemming eller liknande».

5.2.2.5 Opptak på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg)

Departementet foreslår å slå saman §§ 3-3, 3-7, 3-8, 3-9 og 3-11 i dagens forskrift i ein ny § 3-4. Departementet har foreslått ei generell føresegn om at alle institusjonar som vil tilby spesielt tilrettelagt studium innan ei av dei linjene som blir nemnt i ny § 3-4, kan gjere opptak på grunnlag av Y-vegen utan å måtte søkje om det. Direktoratet kan ikkje med ein gong sjå at ei innføring av søknadsfri ordning for Y-veg vil føre til verken misbruk av ordninga eller eit meir omfattande regelverk, og vi støttar derfor forslaget. Direktoratet er samde i departementet sitt forslag om at institusjonane må søkje departementet om løyve for å innføre spesielle opptakskrav, også til studium med Y-veg.

5.2.2.6 Opptak på grunnlag av forkurs osv.

Departementet foreslår å slå saman §§ 3-4, 3-10 og 3-12 i dagens forskrift i ein ny § 3-5. Direktoratet støttar departementet sine forslag til forenklingar når det gjeld opptak på grunnlag av forkurs osv., men ynskjer at ein presiserer nærare kva for studium som er omfatta av ordninga. Vi ser at det finst studium på ulik lengde og nivå som kan definerast inn i den foreslåtte føresegna. Dersom ein meiner at dette kan definerast av lærestaden sjølv, ynskjer vi at dette blir presisert.

5.2.2.7 Opptak til enkelte språkfag for søkjarar med samisk, kvensk eller finsk tilknytning

Departementet foreslår å føre vidare dagens opptaksforskrift § 3-5 som kan gi søkjarar med samisk, kvensk og finsk tilknytning, men som ikkje har generell studiekompetanse, opptak til enkelte språkfag innan samisk, kvensk eller finsk. Direktoratet set pris på føringane som ligg i høyringsnotatet frå departementet om at det skal vere opning for å gi tilgang til desse studia for søkjarar med relevant tilknytning, også når dei ikkje har generell studiekompetanse.

5.2.2.8 Opptak til einskilte kunstfag for søkjarar som har særskilde faglege føresetnader

Departementet foreslår å føre vidare at universitet og høgskular kan gjere unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkjarar som har særskilde faglege føresetnader ved opptak til enkelte kunstfag.

Direktoratet støttar vidareføring av at unntak frå generell studiekompetanse til desse studia berre skal gjelde for dei som har særskilde faglege føresetnader. Dette skal vere ei unntaksordning for dei få, og ikkje vere den generelle regelen for opptak til eit studium. Vidare støttar vi klargjering av regelen ved å ta ut tilvisinga til regelen om spesielle opptakskrav (gjeldande § 3-6). Tilvisinga kan oppfattast slik at det må vere fastsett spesielle opptakskrav for å kunne gjere unntak frå kravet om generell studiekompetanse, og vi meiner det er rett å fjerne ho. Direktoratet støttar også at ein listar opp kva studium det kan gis unntak ved opptak til. Det gjer det tydeleg at dette ikkje er generelle opningar, og at det må søkjast om for kvart enkelt studium dette skal innførast for. I likskap med departementet, ynskjer vi ikkje ei utholing av prinsippet om generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag, og vi ynskjer ikkje at unntaksregelen blir brukt i større grad enn han er meint for.

5.2.2.9 Opptak med unntak frå kravet om norskkunnskapar

Departementet foreslår å føre vidare reglane om at søkjarar som ikkje får generell studiekompetanse etter gjeldande § 2-3 andre ledd fordi dei ikkje oppfyller krava til norsk, kan søkje opptak til framandspråklege utdanningsprogram eller utdanningsprogram der samisk er undervisningsspråk. Direktoratet støttar at føresegna om unntak frå norskkrav flyttast ut av kapittel 2 (GSK) til kapittel 3 (unntak frå GSK).

5.3 Opptak på vilkår

Departementet meiner at det framleis er nødvendig at opptak på visse vilkår regulerast i opptaksforskrifta. Direktoratet støttar å føre vidare dagens reglar om opptak på vilkår. Regelen gjer at elevar som har gyldig fråvær til eksamen, slepp å vente i eit heilt år før dei tek høgare utdanning. Direktoratet støttar også at regelen er plassert saman med andre unntaksreglar. Direktoratet meiner dessutan at søkjarar som får innvilga opptak på vilkår skal få konkurrere i kvote for førstegangsvitnemål, dersom dei elles møter krava til kvoten.

Spesielle opptakskrav – kapittel 6

6.2.2.1 Generelt

Departementet foreslår å vidareføre ei søknadsbasert ordning for spesielle opptakskrav. Direktoratet støttar forslaget om å halde på ei søknadsbasert ordning for spesielle opptakskrav. Spesielle opptakskrav kan nyttast der omsynet til gjennomføringa av studiet eller utøving av yrket gjer det naudsynt. Det er derfor viktig

at det blir gjort ei grundig vurdering i form av ei søknadsbasert ordning hjå lærestadar som ynskjer å innføre spesielle opptakskrav, slik at dette ikkje blir nytta ugrunna og/eller ulikt. At like studium har like opptakskrav, er ein viktig grunnstein i eit effektivt, føreseieleg og rettferdig opptak til høgare utdanning. Spesielle opptakskrav skal heller ikkje skape ei unødig hindring for søkjarar som ynskjer å studere. Direktoratet ynskjer å stø arbeidet vidare med ei forenkling av dei spesielle opptakskrava som finnst i dag. I eventuelle søknadar om spesielle opptakskrav, vil ikkje direktoratet støtte bruken av spesielle opptakskrav i alle tilfelle der det blir brukt unødig, er til hinder for eit effektivt, føreseieleg og rettferdig opptak eller skapar ugrunna forskjellar mellom institusjonane.

6.2.2.2 Forenkling og samordning av spesielle opptakskrav

Departementet foreslår å føre vidare dei spesielle opptakskrava i form av innhaldskrav, med enkelte språklege endringar. Departementet foreslår fleire forenklingar i reglane om spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag. Departementet forslår å nytte nemninga «studium i utøvande og skapande kunst» i staden for «kunstfagleg utdanning» og «studium i kunst».

Direktoratet støttar forslaget om ei forenkling av dei allereie eksisterande spesielle opptakskrava. Dette gjeld særleg for realfag. I dag finnst det variantar av spesielle opptakskrav, der ein kan dekke kravet med realfag som er svært ulike. Eit døme på dette, er det som i dag ligg under § 4-3. Direktoratet sett pris på at departementet har teke initiativ til å høyre dette blant institusjonane, og ynskjer å arbeide vidare med å sjå på høve for forenkling.

6.2.2.3 Krav om relevante fag- og sveinebrev

Departementet foreslår å føre vidare kravet om at paramedicutdanning (årsstudium) har krav om fagbrev som ambulansepersonell ettersom dette kravet berre kan fyllest med eit bestemt fagbrev. Departementet foreslår å ikkje føre vidare det spesielle opptakravet til kjøkken- og restaurantleing.

Direktoratet støttar forslaget om å fjerne «annan tilsvarande kompetanse» i dagens § 4-4 og erstatte dette med ein meir generell ordlyd om relevant fag- eller sveinebrev. Direktoratet har ingen innvendingar til forslaget knytt til paramedicutdanninga (årsstudium), men har ein merknad. I forslaget til ny forskrift står det i § 4-10, femte ledd, står det at “Fagbrev om ambulansearbeidar kan bli erstatta med relevant høgare utdanning.” Sidan det i § 4-1 tredje ledd i forslag til ny forskrift står at “Opptaksorganet har plikt til å vurdere om anna utdanning eller anna dokumentasjon enn det som er nemnt i andre ledd, kan godkjennast som likeverdig.”, meiner vi det er ikkje er naudsynt med denne setninga.

Direktoratet støttar også fjerninga av det spesielle opptakskravet til kjøkken- og restaurantleing. Dersom det er spesielle opptakskrav til studium som ikkje lenger blir tilbodne, er det positivt at dette blir høyrte, slik at institusjonane har høve til å spele inn om studia og dei spesielle opptakskrava likevel er aktuelle.

6.3. Krav i nivå i fag frå vidaregåande skule

Departementet foreslår å føre vidare nivåkrav på enkelte studium som er fastsett etter søknad frå den enkelte institusjon.

Direktoratet støttar på generelt grunnlag forslag om å avvikle spesielle opptakskrav der det ikkje er naudsynt. Derfor er vi einige i å vidareføre at det ikkje skal vere spesielle opptakskrav til sjukepleie, dersom dei ikkje er naudsynte. Departementet legg vekt på at generell studiekompetanse er hovudgrunnlaget som skal gjere ein søkjar kvalifisert til å studere på høgskule og universitet. Direktoratet er ikkje kjent med kva for effekt det hadde å innføre dei spesielle opptakskrava for sjukepleie i 2019, og meiner at det er lærestadane som har kunnskapsgrunnlaget om effekten av å ha spesielle opptakskrav til sjukepleie, blant anna om det påverka studentane si gjennomføringsgrad. Direktoratet ynskjer derfor ei kartlegging frå lærestadane om kva dei reelle utfordringane ved opptak av sjukepleiarstudentar er, og kva for andre tiltak som kan løyse desse ved fjerninga av dei spesielle opptakskrava.

Når det gjeld spesielle opptakskrav til lærarutdanning, meiner direktoratet at like studium skal ha like opptakskrav. Spesielle opptakskrav skal ikkje skape ugrunna forskjellar mellom institusjonane. Derfor er vi imot at det, med ei dispensasjonsordning, vert lagt til rette for ulike opptakskrav på lærarutdanningar frå lærestad til lærestad. Dersom ein meiner at tiltak undervegs i utdanninga kan vareta dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta, jf. § 4-7A i dagens regelverk, meiner vi det bør vere grunnlag for like opptakskrav til lærarutdanninga. Strengare krav for opptak på enkelte institusjonar til same utdanning, kan oppfattast som urettvis for søkjarar som ikkje har høve til å flytte i samband med utdanning. Vi meiner også at dei ulike opptakskrava som finnast på lærarutdanningane i dag, gjer det vanskeleg for søkjarar å orientere seg og vite kva opptakskrava vil vere frå år til år. Dette gjeld særleg når ein har ei årleg søknadsbasert løysing for dispensasjon, eller oppheving av dispensasjon, frå nivåkrava. Vi støttar derfor ikkje eit regelverk som opnar for skilnader på like studium, eller ei ordning som gjer at opptakskrav kan endre seg frå år til år. Vi gjer merksam på at departementet har ei uttalt målsetting om eit enklare opptaksregelverk.

6.4.2.1 Kvalifiserande opptaksprøve

Departementet foreslår å føre vidare at institusjonar berre skal kunne ta i bruk kvalifiserande opptaksprøver etter søknad til departementet. Direktoratet støttar

forslaget om at lærestadane berre skal kunne ta i bruk kvalifiserande opptaksprøver etter søknad til departementet.

Departementet har også foreslått å endre regelen om opptak til lærarutdanningar i praktiske og estetiske fag for trinn 1. -13 med musikk, dans og/eller drama, slik at det er institusjonen sjølv som vel om dei vil ta i bruk kravet om kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama. Departementet skriv at dei ikkje er kjende med at dette kravet vert nytta av alle i dag. Vi gjer her merksam på at alle slike utdanningar som har blitt lyst ut gjennom det samordna opptaket, har hatt dette som krav. Når det er sagt, støttar vi forslaget om at kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama, kan vere opp til institusjonen. Direktoratet gjer merksam på viktigheita av at rutinane for informasjon og innmelding er gode. I alle tilfelle det er opp til institusjonen å ta i bruk eit spesielt opptakskrav, må det stillast krav til at lærestaden skal varsle både potensielle søkjarar og Samordna opptak ved direktoratet i rimeleg tid før studiet vert lyst ut slik at potensielle søkjarar har høve til å førebu seg. Direktoratet ynskjer at informasjonen om varsling av spesielle opptakskrav i dagens rundskriv, blir ført vidare.

6.4.2.2 Opptaksprøve som alternativ til spesielle opptakskrav

Departementet foreslår å opne for at institusjonar som etter søknad har fått innført opptakskrav om bestemte fag eller karakter i fag i vidaregåande opplæring, og som har ledige plassar etter hovudopptaket, kan velje å la søkjarar som ikkje oppfyller krava, kvalifisere ved lokalt opptak gjennom å bestå ei opptaksprøve.

Direktoratet støttar ikkje forslaget om at lærestadane kan ta i bruk opptaksprøve som eit alternativ til spesielle opptakskrav, dersom studiet har ledige studieplassar. Direktoratet meiner det er fleire omstende kring dette forslaget som er utfordrande. I tilfelle der det er spesielle opptakskrav i form av bestemte fag frå vidaregåande skule, er det utfordringar ved at UH-sektoren skal prøve søkjarar i kunnskap frå norsk vidaregåande skule. Spesielle opptakskrav skal nyttast i tilfelle der det er nødvendig at ein søkjar har ein bestemd forkunnskap for å gjennomføre studiet eller utøve yrket. Dersom eit spesielt opptakskrav kan erstattast med ei opptaksprøve, meiner vi at er grunnlag for å sjå på om det spesielle opptakskravet er naudsynt.

Direktoratet merkar seg at det står i høyringsnotatet at forslaget berre gjeld for studium der dei spesielle opptakskrava er innført etter søknad frå institusjonen, men at det i forslaget til ny forskrift gjeld for studium der det er nasjonalt sette spesielle opptakskrav. Direktoratet meiner også at det er knytt ei rekke praktiske utfordringar til forslaget. Sett bort frå ulempene om separate lokale opptak til same utdanningsprogram, er det ikkje endeleg klart kva for studium som har ledig kapasitet før etter hovudopptaket 20. juli. Direktoratet stiller spørsmål om lærestadane har høve til å halde slike prøver i juli og fram til studiestart. Å halde ei opptaksprøve i juli,

gjer også at søkjarar får unødig seint svar på søknaden sin. Dersom ei opptaksprøve kan dekkje kravet til enkelte fag i vidaregåande skule, bør dette vere eit tilgjengeleg alternativ for alle søkjarar frå og med studiet blir lyst ut, slik at flest mogleg får svar i hovudopptaket.

Bruk av ei slik opptaksprøve kan gjere opptaket unødig komplisert for søkjarane, og skape ein unødig administrativ kostnad for lærestadane. Direktoratet ynskjer til dømes ikkje at spesielle opptakskrav vert nytta hos enkelte lærestadar som har høg søking, fordi dette vil skape ugrunna forskjellar mellom lærestadane til like studium. Det er også uklart om ei opptaksprøve som dekkjer eit spesielt opptakskrav kan nyttast om for andre studium med same krav, og om ein søkjar må ta same opptaksprøve på nytt dersom dei søker på same studium fleire år på rad. Dersom ein søkjar må gjennomføre fleire ulike opptaksprøver for å dekkje same krav, eller kan få ulikt resultat på opptaksprøver som skal dekkje same krav, kan det føre til urettmessig ulik handsaming.

6.5. Krav om geografisk tilknyting ved opptak til desentraliserte deltidsstudium

Departementet foreslår å ikkje føre vidare heimlane for opptakskrav om geografisk tilknyting til utdanningsstaden ved opptak til desentraliserte utdanningar, og heller vurdere bruk av regionale kvotar som verkemiddel.

Direktoratet støttar forslaget, men meiner det er viktig at departementet kjem med klare føringar på kva som vert lagt til grunn for å bestemme storleiken på regionale kvotar, slik at dei er av høvesvis storleik. Departementet bør også ha føringar på kva ein meiner skal vere kravet for å konkurrere i regionale kvotar, ut frå kva ein ynskjer å oppnå. I dag har enkelte regionale kvotar krav om å dokumentere enkelte geografiske stadar som noverande bustad, mens for andre kan ein dekke kravet med å vise til at ein tidlegare har budd og gått på skule i spesifikke geografiske område.

Direktoratet gjer merksam på at det ikkje kjem fram i forslaget til ny forskrift kva ein ynskjer å gjere med studia som nyttar det som i dag er § 4-11, med krav om arbeidstilknyting i studietida eller tidlegare yrkeserfaring. Det er i dag fem studium med slike krav i det samordna opptaket.

Rangering av søkjarar ved opptak – kapittel 7

7.1 Om rangering, kvotar og karakterar

Departementet foreslår i hovudsak å føre vidare reglane i § 7-5 om karakterpoeng og korleis desse skal bereknast, § 7-7 om karakterforbetringar, § 7-12 om rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast og § 7-15 om rangering ved opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning med nokre språklege endringar. Departementet foreslår å samle desse reglane i ei føresegn.

Direktoratet støttar vidareføring av føresegnene som gjeld tidleg opptak, ledige studieplassar, så vel som at det er institusjonane som avgjer berekning av poengsum for opptak til Y-veg. Som peika på i både NOU 2022: 17. Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler og Meld St. 20 (2023–2024) blir eit karakterbasert rangeringssystem oppfatta som ein transparent og rettferdig måte å rangere søkjarar i konkurransen om studieplassar. Eit karakterbasert opptak er også effektivt og digitaliseringsvennleg. Til studium der det er fleire søkjarar enn plassar vil det, uansett metode for rangering, alltid vere nokon som akkurat ikkje når opp i konkurransen, og då er det viktig at rangeringskriteria er så forståelege og føreseielege som mogleg. Direktoratet støttar derfor forslaget om å vidareføre at karakterar frå vidaregåande opplæring framleis skal vere hovudgrunnlaget for rangering, og at ein vidarefører reglane for korleis ein reknar ut karakterpoeng.

Eit element i dagens forvaltningspraksis, er at karakterar i fag frå norsk vidaregåande opplæring som dekkjer spesielle opptakskrav alltid blir rekna inn i søkjar sin karakterpoengsum. Direktoratet gjer merksam på at det som regel berre er tilleggsfag frå norsk vidaregåande opplæring som let seg rekne inn i søkjars karakterpoengsum. Dersom søkjar dekkjer naudsynte fagkrav på alternative måtar, er det ikkje alltid mogleg å rekne inn resultatet, men det takast med der det er praktisk mogleg. Døme på dette er emne og fag frå høgare utdanning og utanlandsk vidaregåande utdanning. Direktoratet støttar departementet sitt forslag om å stryke dagens § 7-1 tredje ledd om at grunnlaget for rangering er dokumentasjonen som kvalifiserer søkjaren for opptak, fordi dette følgjer av vanleg forvaltningspraksis.

7.2 Rangering ved fleire rangeringsgrunnlag (dobbeltrangering)

Departementet foreslår å hindre dobbeltrangering ved å innføre ei prioritering av kvalifiseringsgrunnlag for rangering, der norsk vidaregåande opplæring er høgast prioritert.

Direktoratet støttar forslaget om ei hierarkisk ordning av opptaksgrunnlag når det kjem til kva for eit grunnlag søkjar skal poengbereknast på, dersom søkjar har fleire kvalifiseringsgrunnlag. Vi tykkjer den foreslåtte rekkefølgja er godt gjennomtenkt og støttar forslaget. Det er viktig å understreke at prioriteringslista for rangeringsgrunnlag ikkje påverkar kva for eit opptaksgrunnlag som gir størst sjanse for å få eit tilbod. Den seier berre kva for eit grunnlag saksbehandlar skal velje dersom søkjar har fleire grunnlag. Prioriteringslista for kva kvalifikasjonsgrunnlag som skal telje i konkurransen om studieplass byggjer opp under prinsippet om at fullført og bestått vidaregåande opplæring skal vere hovudgrunnlaget for opptak til høgare utdanning. Det vil også effektivisere opptaket på den måten at sakshandsamar ikkje leitar etter alternative opptaksgrunnlag med mindre det er naudsynt.

Forslaget om prioriteringsliste for rangeringsgrunnlag fjernar høvet til å bli dobbeltrangert for alle søkjarar. Dagens ordning med 23/5-regelen har for mange søkjarar opna for ein lettare måte å forbetre poengsummen på, fordi dei har kunne fokusere på forbetre karakterane i dei seks studiekompetansefaga i staden for heile vitnemålet sitt frå vidaregåande. Direktoratet meiner det er positivt at søkjarar får ein ny sjanse etter vidaregåande, men vi meiner også det er rett å avgrense søkjaren si moglegheit til å forbetre rangeringsposisjonen samanlikna med dagens ordning, både av omsyn til effektivitet og ressursbruk i samfunnet.

For søkjarar med utanlandsk utdanning har dobbeltrangering på grunnlag av 23/5-regelen hatt ei litt anna rolle. Ikkje alle søkjarar med utanlandsk vidaregåande kan forbetre karakterar enkeltvis i heimlandet slik som ein søkjar med vitnemål frå norsk vidaregåande opplæring kan. Derfor har det å ta dei seks studiekompetansefaga, og bli rangert etter 23/5-regelen, vore eit godt alternativ for søkjarar som ikkje ynskjer å nytte karakterane frå vidaregåande frå utlandet, og få ein ny sjanse i konkurransen om studieplass. Med forslaget om ny § 5-4 Rangering ved fleire rangeringsgrunnlag, vil søkjarar med utanlandske vidaregåande vitnemål berre ha høve til å forbetre karakterane sin dersom dei får den tidlegare opplæringa si godkjent av fylkeskommunen / den vidaregåande skulen, og tek fag i Noreg for å oppnå eit fullt vitnemål frå norsk vidaregåande opplæring.

Direktoratet er kjend med at søkjarar med utanlandsk utdanning utan generell studiekompetanse kan få ei slik oppfølging i fylkeskommunen, men kjenner ikkje til om det finst tilbod for vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring der dei kan få godkjent fag frå utlandet på norske vitnemål (privat/offentleg). Dersom det ikkje vil vere mogleg for alle søkjarar med utanlandske vidaregåande vitnemål å få norske vitnemål med nye karakterar, er vår tilråding at ein greier ut alternative måtar for denne søkjargruppa å reelt kunne forbetre poengsummen sin. Slike alternativ kan til dømes vere å bytte rekkefølge på punkt B og C i forslaget til ny § 5-4, eller å gi alle søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring høve til å supplere karakterpoengsummen sin med karakterar i dei seks norske fellesfaga (uavhengig om dei manglar 1 års høgare utdanning eller ei, ifølgje GSU-lista i vedlegg 1). Med atterhald om at søkjarar med utanlandsk vidaregåande opplæring vil ha høve til å opparbeide seg vitnemål frå norsk vidaregåande som gir generell studiekompetanse, støttar direktoratet at ein ikkje lenger tillet dobbeltrangering av søkjarar, og tykkjer den foreslåtte prioriteringslista i ny § 5-4 er eit godt forslag.

7.3 Kvote for førstegangsvitnemål og generell kvote

Aldersgrense og størrelsen på førstegangsvitnemålskvote

Departementet ynskjer å heve aldersgrensa for å konkurrere i kvote for førstegangsvitnemål frå 21 år til 23 år, samt auke storleiken på kvota frå 50 % til 70 %.

Direktoratet støttar at dersom ein aukar aldersgrensa, må ein samstundes auke storleiken, sidan det vil vere langt fleire som kvalifiserer til å konkurrere i kvoten. At det som, jf. forslaget kalla generell kvote, blir redusert til 30 % fører til at det blir større konkurranse i kvoten for søkjarar som er 24 år og eldre. På den andre sida vil auken i kvote for førstegongsvitnemål, redusere konkurransen i kvoten sidan mange fleire vil konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål som i dag konkurrerer i ordinær kvote. I søkjartala for april 2025 var 57,5 % av søkjarane 23 år eller yngre. Direktoratet presiserer at det svært viktig at ein gjer vurderingar av storleiken ut frå erfaringar som blir gjort, og at det blir satt ei høvesvis storleik på kvoten. Direktoratet vonar at eit nytt opptakssystem vil gjere det enklare å skaffe data på kva for konsekvens ulike endringar har.

Direktoratet støttar at søkjarar med utanlandsk utdanning kan få konkurrere i kvote for førstegangsvitnemål. Dersom ein legg til grunn at aldersgrensa i kvote for førstegangsvitnemål blir auka til 23 år, tykkjer vi det vil vere rimeleg å utvide dagens praksis til at søkjarane må ha fullført vidaregåande, språkkrav og eventuelle spesielle opptakskrav i løpet av fem år. Dette blir i så fall ei forenkling i forhold til slik regelen blir praktisert i dag.

Endre namnet på ordinær kvote til «generell kvote»

Departementet foreslår å endre namnet på ordinær kvote til «generell kvote». Direktoratet gjer departementet merksam på at sjølv om ein held på namnet på kvote for førstegongsvitnemål, er det foreslått vesentlege endringar i denne kvoten. Endringane er så vesentlege, at kvoten ikkje lenger kan samanliknast med dagens kvote. I 2009, da kvoten auka frå 40 % til 50 % og endra namn frå primærvitnemålskvoten til kvote for førstegongsvitnemål, blei dette oppretta som ein ny kvote i systemet til Samordna opptak. Totalt sett er endringane i begge kvoter så store, at det er å rekne for nye kvotar i systemet. Direktoratet meiner at ordinær kvote framleis er eit treffande namn på kvoten. Dette er fordi kvoten inkluderer alle kvalifiserte søkjarar til et studium, uavhengig av storleiken på kvoten. Eit ankepunkt med å endre namn til generell kvote, kan vere at det kan tolkast som at det er ein kvote for dei med generell studiekompetanse.

Førstegongsvitnemålskvoten etter opplæringsforskrifta

Departementet foreslår at førstegongsvitnemålskvoten skal gjelde for dei som får førstegongsvitnemål etter opplæringsforskrifta. Med dei nye reglane for førstegangsvitnemål som kom i opplæringsforskrifta i 2024, vil også yrkesfaglege vitnemål som gir generell studiekompetanse no få merknad om førstegongsvitnemål. Departementet har derfor foreslått å ikkje føre vidare § 7-7 første ledd andre punktum slik det står i dag. Departementet har også foreslått ei overgangsperiode fram til 1. januar 2027, slik at søkjarar som tidlegare ikkje har fått merknad om førstegongsvitnemål på dei yrkesfaglege vitnemåla sine framleis kan få konkurrere i

kvoten for førstegongsvitnemål. Dette er allereie dagens praksis. Direktoratet støttar desse endringane. Dette inneber ein viss grad av manuell sakshandsaming, men vi trur saksmengda er handterbar i overgangsperioden.

Presisere unntak og krav om søknad til departementet

Departementet foreslår å ta inn i opptaksforskrifta kva studium som ikkje har førstegongsvitnemålskvote, og presisere i forskrifta at universitet og høgskular som vil ha unntak frå kravet om førstegongsvitnemålskvote, må søkje departementet om det. Direktoratet støttar forslaget.

Overgangsordningar

I høyringsnotatet spør departementet vidare om det er behov for ei overgangsordning som gir søkjarar utan førstegongsvitnemål, men som etter endringane i opplæringsforskrift ville fått det, rett til å konkurrere i kvote for førstegangsvitnemål. Direktoratet gjer merksam på at ei slik overgangsordning vil føre til meir manuelt arbeid i opptaket, og at det vil vere utfordrande å identifisere vitnemåla dette gjeld. Det vil også vere vanskeleg å vurdere om krav til førstegongsvitnemål er oppfylt. I dag blir slike vitnemål som regel automatisk sakshandsama. Sjølv om direktoratet har forståing for at endringar i regelverk kan ramme enkelte, ynskjer vi ikkje å støtte ei overgangsordning dersom den legg urimeleg stort press på opptakskontora ved utdanningsinstitusjonane.

7.4 Omrekning frå utanlandske til norsk karakterar

Departementet foreslår en ny tabell for omrekning av karakterar frå IB-diplom til norske karakterar. Departementet foreslår å føre vidare reglane om omrekning frå utanlandske til norske karakterar.

Direktoratet støttar departementet sitt forslag om å vidareføre reglane om omrekning frå utanlandske til norske karakterar. Direktoratet har over mange år utvikla ein statistisk metode for å rekne om karakterar frå utanlandske og internasjonale utdanningssystem basert på karakterstatistikk. Direktoratets metode for å lage omrekningstabellar er basert på ei flat samanlikning av karakterstatistikk mellom norsk vidaregåande og andre vidaregåande utdanningssystem. Det betyr at dei 1 % beste frå eit utanlandsk skolesystem vert sidestilt med dei 1 % beste frå Noreg, dei 10 % beste vert sidestilt med dei 10 % frå Noreg, og så vidare. Det er viktig å hugse på at konkurransen om studieplassar i høgare utdanning er eit nullsumspell. Dersom somme søkjarar får ein fordel, vil det gi ei ulempe til andre søkjarar til same studium.

Direktoratet støttar vidare departementets vurdering av at den nye omrekningstabellen for IB, basert på den statistiske metoden som nyttast på andre land, er meir rettferdig og fører til mest mogleg likebehandling ut i frå karakterane frå den vidaregåande opplæringa til søkjaren. Dette er i tråd med grunnprinsippa for

rangering i opptakssystemet. Vidare støttar vi at den skal tre i kraft i opptaket til studieåret 2026/2027.

Sjølv om direktoratet støttar departementets forslag, har vi likevel fleire kommentarar til forslaget og til den presedensen det set når vi har ulike omrekningstabellar for ulike vidaregåande opplæringsløp. Dagens tabell for IB skil seg i stor grad ut frå dei andre tabellane som er tatt i bruk dei siste åra, og direktoratet har dokumentert at tabellen slår svært gunstig ut for søkjarar med utdanning frå IB i konkurransen om studieplassar. Direktoratet har møtt argument om at det er urettferdig å samanlikne IB-elevane direkte med elevar frå utdanningsprogram for studiespesialisering. Argumenta er at IB-elevane er utvald gjennom ein seleksjonsprosess, og at dei har vore gjennom et meir fagleg krevjande vidaregåande løp.

Direktoratet vil peike på at ein med dagens reglar ikkje har heimel til å lage omrekningstabellar på andre grunnlag enn karakterstatistikk frå vidaregåande opplæring. Metodane for omrekning er reint kvantitative og tek ikkje omsyn til kvalitative skilnadar mellom utdanningssystem, som til dømes ulik oppnåing av kompetanse, tal på fag i vidaregåande, om karakterane er gitt berre etter eksamen eller om ein også nyttar standpunktvurderingar osv.

Metodane for å lage omrekningstabellar tek heller ikkje omsyn til inntakskrava til det vidaregåande løpet. Inntaksgrenser for vidaregåande nyttast ikkje i rangeringa av nokon søkjarar, verken norske eller utanlandske. At ein må konkurrere seg inn på vidaregåande skule er ikkje unikt for IB, det gjeld både norske skular med høg inntaksgrense og i mange utanlandske system. Om ein skal handsame ulike grupper av søkjarar likt, kan ein ikkje leggje vekt på dette. Reglane for rangering av søkjarar i opptaket er transparente, lette å forstå og nyt legitimitet. Å vekte inn mange nye faktorar i systemet, å basere seg på kvalitative vurderingar eller nytte helt eigne metodar for omrekning av IB, vil gjere systemet mykje vanskelegare å forvalte og svekke legitimiteten. På sikt vil andre utdanningssystem kunne ønskje seg særordningar, og det einskaplege metodesettet for omrekning vil verte svekka.

7.5 Tilleggs-poeng

Generelt om tilleggs-poeng

Departementet foreslår store endringar kven som får eller ikkje får tilleggs-poeng. Som ansvarleg for det samordna opptaket, er direktoratet si fremste oppgåve er å gjennomføre og samordne opptaket, og vi har ingen større innspel til kva for grupper som skal prioriterast i konkurransen om studieplass. Når det er sagt vil vi likevel påpeike nokre moment med dei foreslåtte endringane i samband med korleis det kan påverke gjennomføringa av det samordna opptaket. På eit generelt grunnlag vil innføring av fleire typar tilleggs-poeng kunne gjere opptaksprosessen meir komplisert.

Viss det er høve til å få fleire tilleggspoeng, så vil dette også auke poenggrensa til enkelte studium.

Tilleggspoeng for militær-/sivilteneste

Tildeling av tilleggspoeng for militær-/sivilteneste støttar seg i dag på ei svært manuell handsaming. Med ei vidareføring av tilleggspoeng for militær-/sivilteneste ynskjer vi betre retningslinjer for tidsavgrensing og kva som kan reknast som minimumskrav til avtent tid for at førstegongstenesta er fullført.

Tilleggspoeng for realfag

Når det gjeld halveringa av realfagspoeng, ynskjer vi også å påpeike at dette inneber innføringa av fleire desimalar i poengsummen ved opptaket enn i dag. Som nemnt tidlegare vonar me at eit nytt system for opptak gjer det mogleg med eit betre datagrunnlag for kva for utslag slike endringar har.

7.6 Spesielle kvotar

Departementet foreslår å føre vidare heimelen for å fastsetje spesielle kvotar. Direktoratet støttar dette, samt at dei spesielle kvotene blir tatt inn i forskrifta.

Direktoratet har ingen innvendingar til forslaga knytt til vilkåra for å konkurrere i kvote for samisk språkkompetanse. Direktoratet merkar seg at departementet ynskjer å snu kvoterekkefølga for denne kvota, slik at den er annleis enn hovudregelen. Direktoratet ynskjer å nemne at det kan vere at ein kan oppnå det same med å auke kvota til enkelte studium. Føremålet med kvoterekkefølgja slik den fungerer i dag, er å sikre at dei spesielle kvotane blir fylte. Direktoratet gjer merksam på at ei endring i kvoteprioritet/-rekkefølge må følgjast nøye framover, då dette kan gi ulike utslag på studium med høg og låg konkurranse. I alle tilfelle er det viktig at det kjem tydeleg fram frå lovverket kva for reglar som gjeld for dei ulike kvotane og til dei ulike studia, slik at søkjarar får god informasjon om korleis søknaden blir vurdert til dei enkelte studia.

Departementet har foreslått tydelege føringar for vilkåra for å konkurrere i ei kvote med regional tilknyting, og direktoratet støttar dette. Direktoratet gjer departementet merksam på at det i dag ikkje berre er fastsett kvotar for regional tilknyting for studium ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UIT), men også andre lærestadar og studium. Dersom det ikkje er eit skilje mellom dei regionale kvotane ved UIT, og dei ved Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), kan ein vurdere å samle desse. Direktoratet ynskjer også at det blir presisert i forslaget til ny forskrift, slik som det gjer i høyringsnotatet, kva som er hovudregelen for delinga i kvote for førstegongsvitnemål innafor spesielle kvoter, til dømes for studium med berre ein studieplass innafor ei

spesiell kvote eller for studium der det ikkje er mogleg å gjennomføre ei deling på 70/30.

7.7 Rangerande opptaksprøve

Departementet foreslår å føre vidare dagens reglar om rangerande opptaksprøver som einaste rangeringsgrunnlag og at institusjonar som ønsker å innføre opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag, må søkje departementet om dette. Departementet foreslår vidare å opne for at alle institusjonane som ønsker det, kan ta i bruk tre modellar av rangerande opptaksprøver som supplement til karakterbasert opptak utan å måtte søkje departementet.

Direktoratet har ikkje innvendingar mot å føre vidare dagens reglar om rangerande opptaksprøver som einaste rangeringsgrunnlag. Direktoratet støttar også at institusjonar som ynskjer å innføre opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag må søkje om dette.

Direktoratet støttar ikkje innføringa av tre ulike modellar for rangerande opptaksprøver i kombinasjon med karakterpoeng, der lærestadane sjølv kan ta i bruk desse utan søknad til departementet. Når ein innfører ei rangerande opptaksprøve for eit studieprogram, fører det til at studiet må ha eit eige rangeringsregelverk i opptakssystemet. Når fleire studium må ha eigne rangeringsregelverk, vil graden av sakshandsaming for kvarandre gå ned, sidan berre lærestaden som tilbyr studiet kan sakshandsame søknaden. Dette fører igjen til auka ressursbruk hos institusjonane. Departementets forslag om å opne for at alle institusjonar kan ta i bruk slike opptaksprøver på alle studieprogramma sine, utan å måtte søkje departementet, kan føre til ei stor auke i talet på nye rangeringsregelverk som må forvaltast. Når det i tillegg blir foreslått å ta i bruk tre ulike modellar for rangering på opptaksprøver, i tillegg til at institusjonane kan fastsette vekting av opptaksprøvene sjølve, vil også kompleksiteten i desse rangeringsregelverka auke vesentleg. Direktoratet meiner denne kompleksiteten i departementets forslag om rangerande opptaksprøver vil føre til mindre føreseielegheit for søkjarane i det samordna opptaket. Det kan bli vanskelegare for søkjarar å få oversikt over korleis dei blir rangert, og på kva for grunnlag dei konkurrerer. Det kan også føre til at søkjarar blir poengrekna på ulike måtar til elles like studium.

Direktoratet ynskjer i tillegg å drøfte dei ulike modellane som er lagt fram. Modell 1 legg i større grad til rette for at alle søkjarar har høve til å konkurrere på same grunnlag, i tillegg til at den opnar for ein viss fleksibilitet for å rangere enkelte søkjarar på eit anna grunnlag enn berre karakterar frå vidaregåande skule.

Når det gjeld modell 2 i forslaget, så legg denne modellen opp til at søkjarar med same kvalifikasjonsgrunnlag skal konkurrere med ulike typar poeng, avhengig av

søkjarens skulepoengsum. Dette er ikkje mogleg i dagens opptakssystem. I praksis vil man derfor måtte opprette to ulike kvotar som søkjarar med over og under 55 skulepoeng må konkurrere i. Grensa på 55 skulepoeng set også innskrenkingar for den praktiske gjennomføringa av opptaksprøver. Frist for å dokumentere nytt vitnemål for søkjarar som har klaga på karakter er 10. juli, og hovudopptaket blir publisert 20. juli. Dersom opptaksprøva berre skal vere tilgjengeleg for dei med over 55 skulepoeng, må prøva gjennomførast og sakshandsamast på svært kort tid. Direktoratet meiner dette ikkje er praktisk mogleg å gjennomføre, verken for søkjarar eller lærestadar. Direktoratet stiller også spørsmål om kva effekt denne modellen for rangering eigentleg vil ha, då det i praksis vil vere snakk om ei tidkrevjande omfordeling av tilbod til allereie godt kvalifiserte søkjarar.

Modell 3 er allereie i bruk på studium som har fått innvilga bruk av kvalifiserande opptaksprøve, og at søkjarar kan rangerast på ein kombinasjon av skulepoeng og poeng frå den kvalifiserande opptaksprøva. Direktoratet ser ingen problem med å opne for dei som har fått innvilga kvalifiserande opptaksprøve ikkje treng å søkje om at denne også skal vere rangerande i kombinasjon med skulepoeng. Direktoratet meiner likevel at det ikkje bør opnast for ei generell bruk av denne modellen for studium utan innvilga bruk av kvalifiserande opptaksprøve. Det at skulepoeng skal kombinerast med poeng frå ei opptaksprøve som ikkje er ei del av kvalifikasjonsgrunnlaget til ein søkjar, gjer opptaksprosessen svært lite føreseieleg for søkjarane. Det vil ikkje vere mogleg å sjå karaktersnitt frå tidlegare opptak, og det vil ikkje framkomme i opptakskrava til studiet at du må gjere det bra på ei opptaksprøve for å få opptak. Direktoratet meiner at dette ikkje er i tråd med departementets ynskje om eit enklare regelverk, der karakterbasert opptak blir omtalt som det beste alternativet når mange søkjarar skal rangerast mest mogleg effektivt og rettferdig.

7.8 Rangering på grunnlag av særskild vurdering

Departementet foreslår å oppheve gjeldande § 7-13 om opptak på grunnlag av særskild vurdering. Direktoratet støttar forslaget om å oppheve føreseigna om opptak på grunnlag av særskild vurdering. Departementet gir ei god oppsummering av utfordringane med ordninga, og at den ikkje tener det tiltenkte omsynet til denne søkjargruppa.

Det samordna opptaket – kapittel 8

8.1 Ansvar for det samordna opptaket

Departementet foreslår å forskriftsfeste at direktoratet har ansvaret for å samordne opptaket til grunnutdanningar i Noreg. Direktoratet støttar forslaget. For å sikre at rettleiing og informasjon om opptaksforskrifta er einsarta, meiner direktoratet at det kunne vere ein fordel at det også blir forskriftsfesta at direktoratet har eit ansvar for å utforme rutinar og retningslinjer for opptak til grunnutdanning.

8.2 Handsaming av personopplysningar i opptaket

Departementet foreslår å føre vidare reglane om handsaming av personopplysningar. Dette er også et krav etter personvernforordninga. I samband med utviklinga av eit nytt opptakssystem blir behova for personopplysningar, og ombruk av desse, greidd ut. I den samanheng vert det stilt spørsmål om dagens reglar er presise nok når det gjeld ombruk av personopplysningar til seinare søknader om opptak. Meir konkret gjeld det dømes om ein søkjar har oppnådd generell studiekompetanse, og/eller om ein søkjar har oppnådd to tilleggspoeng. Dersom departementet meiner at dagens regelverk opnar for dette, støtta vi vidareføringa. I motsett tilfelle må direktoratet greie ut vidare i kor stor grad ein kan bruke opp att personopplysningar til seinare søknader om opptak.

8.3 Nasjonal klagenemnd for opptak

Departementet foreslår å føre vidare reglane om nasjonal klagenemnd for opptak, men at klagenemnda skal handsame saker for alle institusjonar som gjeld vedtak på grunnlag av reglane i forskrifta. Direktoratet støttar forslaget og er einig i at det bør vere same klageinstans som handsamar klager på vedtak gjort etter forskrifta, uavhengig av om opptaket blir organisert i det samordna opptaket. Forslaget inneber samstundes ei endring frå gjeldande rett, ettersom klagenemnda i dag berre handsamar klager på vedtak i det samordna opptaket, og ikkje vedtak gjort av dei private institusjonane som ikkje er knytt til det samordna opptaket.

Direktoratet er klagenemndas sekretariat, som betyr at direktoratet førebur klagesakene til klagenemnda. Dersom klagenemnda skal få eit utvida mandat, vil det også innebære at sekretariatet får meir arbeid. Departementet har ikkje vist til kor mange klager som blir handsama av institusjonane utanfor det samordna opptaket, og departementet har heller ikkje nemnt om denne endringa vil ha økonomiske og administrative konsekvensar for direktoratet. Direktoratet er einig i ei samordning og effektivisering av klagenemnder, men ynskjer å presisere at dersom dette forslaget blir vedteke, må direktoratet få allokert ressursar tilsvarande den auka arbeidsmengda.

Overgangsregler – kapittel 9

Departementet foreslår å ikkje føre vidare reglar om omrekning frå bokstavkarakterar til talkarakterar for søkjarar med vitnemål frå norsk gymnas. Direktoratet har ingen innvendingar til dette. Med forskriftsfesting av at direktoratet har ansvaret for å samordne opptaket til grunnstudium, ser vi det som ei naturleg forlenging av dette at vi kan gi detaljinformasjon om korleis regelverket skal brukast overfor ulike søkjargrupper. Det inkluderer informasjon om korleis ein skal rekne ut poengsum for norske søkjarar med bokstavkarakterar. Elles støttar vi å føre vidare overgangsreglar med dei forenklingane som er foreslått.

Iverksetting av ny forskrift – kapittel 10

Direktoratet har i utgangspunktet ingen innvendingar mot at ein ynskjer å innføre endringar som støttar opp under målsettinga i forskrifta så tidleg som mogleg. Me støttar at det vert tatt omsyn til elevar i vidaregåande skule som allereie har gjort val på bakgrunn av det gamle regelverket.

Vi peikar likevel på at dei foreslåtte endringane heng saman med kvarandre. I eit samordna opptak kan ei justering av éin regel ha stor påverknad på korleis studieplassane blir fordelte. Det er knytt noko usikkerheit til kva for utslag det å innføre enkeltendringar i ulike opptaksår kan gje. Til dømes er det usikkert kva for utslag det gjev i konkurransen i ordinær kvote dersom ein hevar aldersgrensa og aukar storleiken på kvote for førstegongsvitnemål, og først seinare fjernar dei ulike tilleggspoenga i ordinær kvote.

Det er i tillegg direktoratet si klare tilråding at ein ikkje innfører regelendringar som krev endringar i det gamle tekniske systemet for opptak som om kort tid skal erstattast av eit nytt system. Regelendringar i det gamle systemet er tidkrevjande, og legg beslag på kritiske ressursar. Dette aukar risikoen for gjennomføringa av opptaket, og for innføringa av det nye opptakssystemet. Sikt skriv på eigne nettsider i april at ei ny løysing for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskular kjem frå 2027. Når det gjeld forslaga som handlar om endringar i tilleggspoeng etter vidaregåande opplæring, har departementet foreslått at ingen av desse kan innførast tidlegast før opptaket til studieåret 2027/28. Departementet trekker også fram at det kan vere ein fordel å likevel vente til 2028/29, slik at dei blir innført samstundes med endringane i poeng for fag frå vidaregåande opplæring. Her meiner også direktoratet at det kan vere fordel ved innføre dette på same tid, når dette er store endringar i måten søkjarar blir rangerte i konkurransen til studium.

For dei endringane som ikkje er omtalt i høyringsnotatet med innføring frå og med opptak til studieåret 2027/28 eller seinare, skriv departementet at det ikkje er naudsynt å utsette desse. Det peikast likevel på at det kan vere formålstenleg å utsetje iverksettinga for at reglane i ny forskrift kan tre i kraft mest mogleg samla, og for å sleppe å gjere endringar i både gammalt og nytt opptakssystem. Departementet har skissert to alternativ og har foreslått løysinga med innføring i opptaket til studieåret 2026/27. Dette gjeld blant anna endringane i kvote for førstegongsvitnemål, opne for bruk av kjønnsnøytrale kvoter, større bruk av lokale opptaksprøver og andre endringar. Særleg endringar som gjeld aldersgrenser, utvida bruk av lokale opptaksprøver (både kvalifiserande og rangerande) til studium og utvida bruk av kvoter, er endringar som krev omfattande arbeid i det gamle systemet.

Når eit regelverk endrar seg vesentleg, som f.eks. forslaga knytt til kvote for førstegongsvitnemål, krev dette til dømes at ein opprettar ei ny kvote. Dette vil krevje

gjennomgåande endringar i det gamle systemet. Vi støttar derfor derfor det andre alternativet. Fordi det nye systemet først blir tatt i bruk i 2027, er det vår tilråding at endringane som krev endringar i systemet, ikkje blir innført før det nye systemet er på plass for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskular. Direktoratet ser likevel at det foreslått enkelte endringar som kan la seg gjennomføre utan særskilte tilpassingar i systemet. Direktoratet må gå grundigare gjennom desse for å gi ei vurdering om kva som krevjast for å gjennomføre dei og når dei kan gjennomførast.

Økonomiske og administrative konsekvensar – kapittel 11

Se direktoratets innspel i punkt 8.3 Nasjonal klagenemnd for opptak.

Med vennlig hilsen
Dag Hovdhaugen
divisjonsdirektør

Silje Molander
avdelingsleder

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Mottaker:
KUNNSKAPSDEPARTEMENTET